# Kommunalsjefgruppa - helse og omsorg

## Referat

**Møte:** 1 – 2023

**Dato/tid:** 10. februar kl. 9 – 15

**Stad:** RNH, 6.etg rom 6011 – Mongstad

**Til stades:** Mona Molland (Gulen) Anne Hildegunn Færøy (Austrheim), Solrun Hauglum, ( sak 01-03/23)(Vaksdal ), Oddvin Neset, Leni Dale (Alver) og Kathrin Omland (RNI- observatørrolle)

**Forfall:**

Annika Tvedt Villanger (Fedje), Tonje Husum Aarland (Modalen), Kristin Ruud Myking (Osterøy)

**Møteleiar:** Leni Dale

**Referent:** Leni Dale

| Saksnr. | Saker | VOD |
|---|---|---|
| 01/23 | **Godkjenning av innkalling og saksliste**<br>**Vedtak:**<br>Innkalling og saksliste godkjent utan merknader. | V |
| 02/23 | **Godkjenning av referat frå møte 6-2022**<br>Oppdatering/oppfølging av sak 56/22 (rekrutteringsdag helsefag) vart utsett til neste møte.<br>**Vedtak:**<br>Referat frå møte 6 -2022 godkjend utan merknader | V |
| 03/23 | **Ph.d prosjekt vedr. oppgavedeling/-glidning i primærhelsetjenesten**<br>• Orientering v/Kenneth Chance-Larsen<br>• Spm. om forskingssamarbeid<br>Presentasjon vedlagt. Prosjektleiar sender ut informasjonsskriv for distribusjon til aktuelle respondentar.<br>**Vedtak:**<br>Kommunane, unnateke Vaksdal stiller seg positivt til deltaking for intervju av fastlegar og fysioterapeuter. | O |
| 04/23 | **Val av representant til arbeidsutvalet KS**<br>• Nina Kvamme, tidlegare kommunalsjef Osterøy kommune, representerte kommunalsjefane HO i det tidlegare arbeidsutvalet Hordaland, KS. Kommunalsjefgruppa må velje ny representant til arbeidsutvalet.<br>**Vedtak:**<br>Kristin Rud Myking vart valgt til arbeidsutvalet frå NH-kommunane | D/V |
| 05/23 | **Kommunale fagråd, utval og nettverk**<br>• Utarbeide plan for gjennomgang og revidering av mandat<br>**Vedtak:**<br>Nedsett arbeidsgruppe med Kathrin, Anne Hildegunn og Mona for gjennomgang av mandata og framlegg til evt. revidering til neste møte | D/V |
| 06/23 | **Modellutvikling klinisk ernæringsfysiolog som ressurs for omsorgstenesta**<br>v/Anne Merethe Reknes | D/V |

| | | |
|---|---|---|
| | • Styringsgruppemøte for utgreiingsprosjekt<br>Presentasjon av funn.Prosjektet vert utvida ut mars månad for ferdigstilling av rapport. Framlegg til utviding av prosjektet og muleg samarbeid med Utviklingssenter for sykehjem og hjemmetjenester (USHT) Styringsgruppa takkar Anne Merethe for arbeidet og orienteringa.<br>**Vedtak:**<br>Sende ny søknad om prosjektmidlar for oppfølging av funna i prosjektet. Masfjorden søkjarkommune. Komitè for utarbeiding av søknad og mandat: Anne Merethe, Oddvin, Anne Hildegunn og Mona. | |
| 07/23 | **EUVECA**<br>• Kort orientering om status for prosjektet, arbeidspakke 2 (WP2)<br>    ○ Orientering frå samarbeidsmøte mellom prosjektgruppe EUVECA og Kompetanseforum Nordhordland 02.12.22<br>• Orientering om plan for gjennomføring av spørjeundersøking blant tilsette i helse og omsorg i kommunane<br>• Kva kommunar kan bidra med informantar til spørjeundersøking (2 eller 3 kommunar). Kven kan vere kontaktperson for gjennomføring av spørjeundersøking i dei aktuelle kommunane.<br>Gjennomgang av presentasjon( vedlagt) v/Anne Hildegunn<br>**Vedtak:**<br>Kommunane Austrheim, Alver og Gulen deltek i spørjeundersøkinga som vert gjennomført i veke 10. | O/D/V |
| 08/23 | **KOMPIS - prosjektet**<br>• Orientering om status for framdrift (v/Tonje Husum Aarland)<br>• Kva kommunar ønskjer å ta del i vidare arbeid/framdrift, der ein planlegg for å søkje midlar til pilotering av KOMPIS modell<br>Då Tonje ikkje var til stades i møtet vart det ikkje anna gjennomgang enn at vedtaket frå styringsgruppa aug.2022 vart tatt fram igjen.<br>**Vedtak:**<br>Det skal søkjast om prosjektmidlar- jfr. vedtak aug.2022. Rolf Tande, Tonje og Kathrin utarbeider søknad. | O/D/V |
| 09/23 | **Pakkeforløp heim for pasientar med kreft**<br>• Orientering frå kreftkoordinator Anne-Britt Hauge om gjennomføring av pilot for pasientar med hovud/hals kreft fom. 06. 02.23.<br>• Erfaringsdeling mellom kommunane vedr. praktisk organisering av mottak informasjon/meldingar<br>• Viser til vedlagt e-post frå Anne-Britt Hauge, kreftkoordinator Alver kommune, 27.01.23.<br>Minner om Workshop 10.mars på HUS. Invitasjon sendt til postmottaka i kommunanen. Kommunalsjefsgruppa takkar for statusorienteringa.<br>**Vedtak:**<br>Tatt til orientering | O/D |
| 10/23 | **Rekruttering av helsefagarbeidarar** v/Trude Bruket<br>• Styringsgruppemøte for utgreiingsprosjekt<br>• Saksgrunnlag vert sendt ut til i eigen mail | D/V |

| | | |
|---|---|---|
| | Sjå eige referat og vedtak. | |
| 11/23 | **Eventuelt**<br><br>• Fagskolen Diakonova - Innspill til studieplanen dersom denne er klar<br>Utsett då endeleg studieplan ikkje er sendt ut til kommunane enno. | |